



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Haldis Håpoldøy, 5557 2256

Vår dato
23.03.2018
Dykkar dato
07.03.2018

Vår referanse
2018/243 611
Dykkar referanse

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Tilskot til symjeopplæring for barn i barnehage 2018

Fylkesmannen tildeler **kr. 226 800** til symjeopplæring i Radøy kommune kalenderåret 2018, organisasjonsnummer 954 748 634 og kontonummer 3636 07 00776.

Tilskottet skal bidra til at kommunar og frivillige organisasjonar kan gjennomføre tiltak for å gi barn i barnehagar tilstrekkeleg symjeopplæring slik at barna blir trygge i vatn og blir betre til å symje.

Opplæringa skal skje i barnehagen si opningstid og i basseng. Tilskottet skal nyttast til aktivitetar relatert til symjeopplæring av barna. Jenter og gutar skal ha eit likeverdig tilbod.

Tilskottet kan berre brukast til barn som ikkje har fått tilsvarande tilskot tidlegare.

Midlar kan brukast til å dekke reiseutgifter til /frå symjehall. Kommunen kan disponere midlane internt, og ta omsyn til barnehagar med store reiseutgifter. Ubrukte midlar kan berre bli overførte til neste budsjettår etter søknad frå kommunen/ organisasjonen.

Rapportering

Kommunen/organisasjonen skal innan **1. desember 2018**.

Rapporteringskjema vil bli lagt ut på Fylkesmannen si heimeside 1. november.

Fylkesmannen og Riksrevisjonen har høve til å føre kontroll med at tilskottsmidlane blir brukte etter føresetnadene, jf. Løyvingsreglementet § 10 og lov om Riksrevisjonen § 12. Dersom føresetnadene for å få tilskott ikkje er oppfylte, kan Fylkesmannen krevje tilbake tilskott. Ved feil i utrekninga kan avrekning gjerast i eventuelle komande tildelingar

Med helsing

Anne Hjermann
utdanningsdirektør

Haldis Håpoldøy
seniorkonsulent

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

